



Vestlandet



## **Skjøtselsplan for Storbakken, Ås i Fræna kommune, Møre og Romsdal fylke.**

Bioreg AS Rapport 2012 : 39

# BIOREG AS

## Rapport 2012:39

<b>Utførende institusjon:</b> Bioreg AS <a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>	<b>Kontaktpersoner:</b> Finn Oldervik	<b>ISBN-nr.</b> 978-82-8215-224-2.
<b>Prosjektansvarlig:</b> Finn Oldervik 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a>	<b>Oppdragsgiver:</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Geir Moen	<b>Dato:</b> 31.10.2012
<b>Referanse:</b> Oldervik, F.G. & Folden Ø. 2012. Skjøtselsplan for Storbakken, Ås i Fræna kommune, Møre og Romsdal Fylke. Bioreg AS rapport 2012 : 39. ISBN; 978-82-8215-224-2.		
<b>Referat:</b> Rapporten skildrar naturverdiar og artsmangfald for slåttemarka til gnr 16/1, Ås. Vidare gjer rapporten greie for dei skjøtselstiltaka som bør setjast i verk for å taka vare på dei biologiske verdiane som er knytt til lokaliteten.		
<b>4 emneord:</b> Kulturlandskap Naturtype Skjøtsel Slåttemark		

Figur 1. Foto; Øystein Folden © 09.07.2012. Biletet er tatt frå litt ovafor noverande gardstun. Frå venstre biletkant og inn mot midten kan vi sjå platanlønnene som står ved tuftene av det gamle tunet. Vidare til høgre ser vi resten av lokaliteten, med skog/beiteskog i bakgrunnen, og noverande slåttemark i framgrunnen.

## Innhald

Innhald .....	3
Føreord .....	4
A. Generell del .....	5
Slåttemarksutformingar på Vestlandet .....	5
Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker .....	6
B. Fræna; Storbakken på Ås .....	8
SØKBARE EIGENSKAPAR .....	8
SKJØTSELSPLAN .....	10
Kjelder .....	13
Litteratur: .....	13
Muntlege kjelder: .....	13
Internett: .....	13
Ortofoto/kart .....	14
Bilete .....	14

## Føreord

---

I samsvar med ei nasjonal handlingsplan for å taka vare på dei attverande slåttemarkane i Noreg vart det teke initiativ til å lage dei første skjøtselsplanane for Møre og Romsdal alt i 2010. Det er Fylkesmannen ved Geir Moen som samordnar dette arbeidet i fylket. Når det gjeld denne slåttemarkslokaliteten på Storbakken, Ås, så har vi ikkje oppsøkt den tidlegare, men den har tidlegare vore oppsøkt av John Bjarne Jordal. Skildringa av lokaliteten som ligg i Naturbase er frå 2008 og er noko utdatert i høve dei nye avsnittsoverskriftene. Vi har difor funne det naudsynt å gjera nokre supplerande undersøkingar der, samt å ta ein runde på lokaliteten saman med eigar/brukar for å høyra hans syn på korleis skjøtselen bør gjerast, samt oppnå ei nokolunde semje om avgrensinga. Samtidig deltok Bjørn Ringstad frå kulturminnemynde i Møre og Romsdal, Bolette Bele frå Bioforsk og Geir Moen frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som ein del av oppfølginga av denne lokaliteten, og arbeidet med skjøtselsplanar for slåttemark generelt. Det er denne undersøkinga som hovudsakleg ligg til grunn for skildring og verdisetting. Jordals skildring ligg likevel i botnen.

Storbakken, Ås er ein lokalitet med lang kulturhistorie, skiftande bruk og som framleis vert halden i hevd, sjølv om noverande hevd kanskje ikkje held mål for fullt ut å ta vare på dei biologiske verdiane her. Lokaliteten ligg oppe i ei søraustvendt li i det låge åslandskapet nord for Frænfjorden. Skjøtselsplanen for området har som hovudoppgåve å taka vare på det opphavlege artsmangfaldet, og da ved ein skjøtselsmåte som liknar mest mogleg på den tradisjonelle, dvs. med minimal gjødsling og relativt sein slått, samanlikna med det som er vanleg i det moderne jordbruket. Eventuelt kan det vera aktuelt å supplera med litt vår- og haustbeite om mogleg.

Vi vil med dette få takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Geir Moen for oppdraget og for eit godt samarbeid om prosjektet. Så vil vi også rette en takk til eigar og brukar av den aktuelle slåttemarka for velvilje og tålmod når vi har ringt og mast om opplysningar.

Mjosundet i Aure 31. oktober 2012

Tingvoll 31. oktober 2012

For Bioereg AS

Finn Gunnar Oldervik

Øystein Folden

## A. Generell del

---

Slåttemarker er areal som vert regelmessig slått. Semi-naturleg slåttemark eller såkalla natureng, er slåttemarker som er forma gjennom rydding og lang tids tradisjonell slått. Dei er ofte overflatelydda, men ikkje oppdyrka og tilsådd i seinare tid, og ikkje eller svært lite gjødsla. Dei vert slått seint i sesongen. Slåttemarkene vert eller vart gjerne haustbeita og ofte også vårbeita. Korleis slåttemarkene har vore skjøtta varierer noko frå stad til stad og frå landsdel til landsdel. Slåttemarkene er urte- og grasdominerte og oftast svært artsrike. Dei kan vere opne eller tresette.

Tresette slåttemarker med styvingstre som vert hausta ved lauving er i dag svært sjeldne. Slike såkalla lauvenger vart gjerne beita om våren, slått ein gong seint om sommaren og beita om hausten. I tillegg vart greinene på trea hausta til fôr med eit tidsintervall på 5-8 år. I gammal tid spelte også myr ei viktig rolle som slåtteareal (slåttemyr). Dei fleste jordvassmyrane i Noreg har tidlegare vore slått, men myrslåtten tok i stor grad slutt for ganske lenge sidan og vart praktisert berre nokre få stader fram til slutten av 1950-åra. Nokre av slåttemyrane gror att, medan andre endrar seg mindre, her er det truleg få tydelege biologiske spor frå slåttedrifta. Det er registrert få lauvenger og slåttemyrar som framleis er i hevd.

Dei ulike slåttemarkene høyrer til blant våre mest artsrike naturtypar, og er viktige også for andre organismar enn karplantar. T.d. er rundt 70 prosent av dagsommarfuglane våre knytt til open engvegetasjon (særlig urterik slåttemark) og fleire vadefuglar brukar strandenger (slått eller beita) som hekkeområde og rasteplassar under trekket. I tillegg har slåttemarker mykje å seia for mange truga artar av beitemarksopp. Slåttemark kan ikkje erstattast av beitemark fordi dei inneheld vegetasjonstypar og fleire artar som ikkje klarer seg i område som berre vert beita. Samanlikna med naturbeitemark har slåttemark generelt det høgaste artsmangfaldet og dei største bestandane av fleire truga engartar. Gjennom historia har slåttemark vore, og vil framleis vere, om vi tek vare på dei, viktige "levande genbankar". I tillegg er dei berekraftige økosystem som har vore eit nøkkelement i norsk landbruk i fleire tusen år. Men driftsendringar på 1900-talet har ført til at slåttemark no er mellom våre mest truga naturtypar.

### *Slåttemarksutformingar på Vestlandet*

Den store variasjonen i slåttemarksvegetasjonen i Noreg er enno berre delvis kartlagt. I det følgjande har vi likevel prøvd å peike på nokre utformingar av slåttemarksvegetasjon som er særigne for Vestlandet og dermed gir fylka her eit særskilt forvaltningsansvar. Vi gjev òg døme på nokre verdifulle lokalitetar.

I Møre og Romsdal har ein svært godt oversyn over tradisjonelle slåttemarker fordi det her nyleg er gjort ei samanstilling av kunnskapen om denne naturtypen (Jordal 2007). 178 lokalitetar vert omtala i rapporten frå dette prosjektet, og slåttemarker er registrert i 29 av dei 37 kommunane i fylket. Lokalitetane finst likevel først og fremst konsentrert innan mindre geografiske område, og kommunane Stordal (22 lokalitetar, særleg i Nørdredalen), Rauma (28 lokalitetar, særleg i øvre Romsdalen), Tingvoll (19 lokalitetar, særleg i Vågbø-Holmeide) og Sunndal (16, særleg ved fjellgardane) har flest kjende lokalitetar. Frisk fattigeng, ofte med stort artsmangfald, er truleg den viktigaste vegetasjonstypen. 64 raudlisteartar er registrert i dei registrerte slåttemarkene (13 karplantar, 1 sommerfuglart og 50 soppartar).

- Ein særleg verdifull lokalitet er Skutholmen, Fræna, der det finst eit heilskapleg fiskarbondelandskap som vert skjøtta tradisjonelt og har mange gamle kulturlandskapselement m.a. mange små 1x2-meters potetåkrar i bergskortene. Slåttemarkene vert slått med ljà. Her finst mange raudlista beitemarkssopp. Staden er veglaus og kan nåast med robåt over eit 50 meter breitt sund.

- Langs Grøvuvasdraget (Sunndal, utvalt for MR i 2008) og i øvre Romsdalen (Rauma) finst tørre-friske slåttemarkar med fleire tørrengsartar som *Pilosella*-artar og sjeldne soppar.
- Stordal kommune har kanskje landets største bestandar av kvitkurle som i stor grad er knytt til restar av slåttemark.
- Nordre Sunnmøre er eit kjerneområde for solblom. Meir enn 30 000 blomsterstenglar er registrert innan dette området. Dessverre er det no berre sporadisk hobby slått igjen her.

I Hordaland har m.a. Losvik (1988) studert slåttemarksvegetasjon. Fire utformingar av jordnøtteng (frisk fattigeng, jordnøttutforming) finst langs kysten her:

- Jordnøtteng, kystmaure-utforming med m.a. kystgrisøyre. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane.
- Jordnøtteng, grisøyre-utforming med m.a. blåstjerne og tusenfryd. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane.
- Jordnøtteng, prestekrage-utforming med m.a. kystgrisøyre, kjertelaugnetrøyst og småengkall. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- Jordnøtteng, kamgras-utforming med m.a. kystgrisøre, vill-lin, hjartegras, storblåfjør og musekløver.

I tillegg er ei femte utforming identifisert i fjordstroka (O2-O1):

- Frisk fattigeng, marikåpe-raudknapp-utforming med m.a. englodnegras, smalkjempe, vill-lin og småengkall, men utan dei typisk vestlege artene. Utreiinga er ikkje godt nok kjend.

Jordnøttengene har ei spesifikk norsk artssamansetjing: Viktige lokalitetar er m.a. Urangsvåg, Bømlø og Gjuvsland, Varaldsøy.

I Sogn og Fjordane har miljøet rundt Ingvild Austad på Høgskulen over fleire tiår forska på og gjort ei rekkje registreringar i dei tradisjonelle slåtteengene i fylket. Også i Sogn og Fjordane er det registrert fleire jordnøttenger. Kystblåstjernerdominerte slåttemarkar finst i ytre kyststrok, m.a. i Gåsvær i Solund, og lokalitetane Sandøyna, Vilnes og Hamna i Askvoll. Ein viktig slåttemarkslokalitet finst på Øvre Ormelid, ein hyllegard i Luster. Her finst tørrenger med m.a. brudespore, vanleg nattfiol og bakkesøte. Det er registrert mange slåttemarkar i Sogn og Fjordane, men fleire av registreringane er gjort for relativt lenge sidan og stoda i dag er uviss. På Grinde i Leikanger finst ei flott lauveng der både trea og enga framleis vert haldne i hevd.

I Rogaland er det registrert få slåttemarkar. I Funningsland, Hjelmeland finst ei dei få attverande solblomslokalitetane i fylket. Diverre vert den ikkje slått no.

## *Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarkar*

### Skjøtsel

Beste måten å skjømte ei gammal, artsrik eng på, er å følgje opp den tradisjonelle driftsforma, utan gjødsling og med sein slått. Det tradisjonelle slåttetidspunktet har variert noko frå stad til stad avhengig av klima og høgd over havet. Difor er det viktig å finne ut kva som har vore vanleg på den aktuelle lokaliteten eller i nærområdet frå gammalt av. Slått før 10. juli var svært uvanleg.

En bør nytte lett reiskap (ljå, tohjuls slåmaskin eller lettare traktor) der det er mogleg. Graset må bakketørkast eller hesjast før det vert fjerna. I tillegg til at ein får tørt og godt hø, er bakketørkinga viktig for at frøa til engartane både skal få modne ferdig og vert liggjande att på enga når høyet vert samla saman og køyrd vekk.

Mange stadar på Vestlandet har engene i tillegg vore beita, anten vår eller haust eller begge delar. Berre beiting kan ikkje erstatte slått, men er dette einaste moglege skjømte i en periode, er storfebeiting det mest skånsame. Storfeet vel ikkje ut "godbitane" slik sauene gjer. Men beitepresset må ikkje vere for stort, og ein må rekne med noko manuell etterrydding. Der ein har tidlegblømande artar, som til dømes svartkurle, er det særleg viktig at ein unngår vårbeite.

### Restaurering

*Når det gjeld restaurering av enger som er i attgroing og utviding av eksisterande slåtteareal er det viktig å ikkje setje i gang med meir omfattande restaurering enn det ein klarar å følgje opp med skjøtsel i ettertid.*

Dersom det er mange delfelt som skal restaurerast, kan det vere lurt å ta det trinnvis over fleire sesongar. Slik vert det meir overkomeleg, og ein får erfaring med kor omfattande dei ulike tiltaka er og kor mykje ein kan vente å få gjennomført per sesong.

Hogst/grovrydding bør helst gjennomførast på frosen og gjerne bar mark. Då unngår ein skadar på undervegetasjonen, og samstundes er det enklare å få ein lågast mogleg stubbe. Rydding i snø kan vere meir tungvint. Mindre buskar og oppslag kan òg ryddast om sommaren når det er tørt og mykje av biomassen er samla i blada.

I slåtteenger som *ikkje* har vore tresette er det ikkje noko poeng i å setje att tre ved rydding, men gamle styvingstre bør få stå. Eit og anna lauvtre med fin og vid krone kan òg gjerne få stå. Alle gran/furu og framande treslag bør fjernast.

Etter hogst er det særleg viktig at alt ryddeavfall, kvist, stubbar og liknande vert samla saman og brend på eigna stader, og aller helst frakta ut av området. Dette for å unngå unødig oppgjødsling. Ryddeavfall som ligg spreidd utover vil elles fort føre til ny dominans av uønska snarveksande, konkurransesterk vegetasjon. Av same grunn er oppflising og spreiiing av flis i området ikkje å tilrå.

Attståande biomasse vil ta opp noko av næringa som vert frigjort frå daude røter av tre og buskar som har vert rydda bort. Dette gir ein gjødslingsverknad som lett fører til uønska nitrogenkrevjande artar (t.d. bringebær og brennesle). Gradvis opning er difor viktig. Gjødslingsverknad saman med auka ljossinnstråling fører gjerne òg til ein del etterrenning. Det er mest effektivt å slå lauvrenningane i juli, når det er minst energi samla i rotsystemet. Dette fell normalt saman med slåttetidspunktet. Det kan likevel vere nødvendig å rydde lauvrenningar fleire gonger dei par første sesongane.

Osp spreier seg ved rotskot, og rydding kan i mange tilfelle føre til omfattande renning. Det kan difor løne seg å ringborke osp ved å skjere eit ca. fem cm breitt band rundt treet nedanfor den nedste greina. Det er viktig at snittet er såpass djupt at all borken forsvinn, slik at transporten av næringsstoff stoppar heilt opp. Det er lettast å ringborke om våren. Etter tre somrar må dei daude trea fjernast.

Stubbar må kappast heilt ned til bakken, anten i samband med hogsten eller ved etterrydding på barmark. Større stubbar vil rotne fortare om ein skil borken frå veden med eit spett eller liknande, og deretter stappar jord i mellom. Med unntak av osp og or kan ein òg unngå renningar på denne måten. Dette kan t.d. vere aktuelt i kantar som hindrar ljossinnstråling til slåttemarka.

Problemartar som bringebær- og rosekratt, brennesle og mjørdurt vil normalt forsvinne ved slått over tid. Men for å få dei bort kan det i byrjinga vere nødvendig å slå fleire gonger per sesong med ljà eller krattryddar. Felt med einstape bør slåast ned med kjepp, ikkje skjerast ned. På denne måten held bregna fram med å transportere næring frå røtene, og utarmar dermed rotsystemet sitt. Bregna bør så fjernast om hausten.

For meir utfyllande stoff om skjøtsel, restaurering og hevd:

**Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker** er å finne på DN sine heimesider: <http://www.dirnat.no/content/1916/>

## B. Fræna; Storbakken på Ås

SØKBARE EIGENSKAPAR (for Naturbase)							
*Namn på lokaliteten <b>Ås; Storbakken</b>				*Kommune Fræna		*Områdenr.	
ID i Naturbase <b>BN00020325,</b>		*Sist registrert i felt av: Øystein Folden Finn Gunnar Oldervik og Øystein Folden				*Dato: 13.06.2012 09.07.2012	
Eventuelle tidlegare registreringar (år og namn) og andre kjelder (skriftlege og muntlege) Litteratur: - Jordal, J. B. Kartlegging av naturtypar i Fræna kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2005. 140 s.						Skjøtselsavtale: Inngått år: Utløper år:	
*Hovudnaturtype: - Kulturlandskap, slåttemark (D01) 100 %  Tilleggsnaturtyper: - Ingen				Utformingar: Frisk fattigeng (D0104) 100 % andel			
*Verdi (A, B, C): B – viktig		Annan dokumentasjon (bilete, belagte arter m.m.): Ingen som vi kjenner til					
Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11)							
Stadkvalitet		Tilstand/Hevd		Bruk (nå):			Vegetasjonstypar:
< 20 m	X	God	X	Slått		Torvtekt	Frisk fattigeng (G4b) jordnøttutforming 100 % andel
20 - 50 m		Svak		Beite	x	Brenning	
50-100 m		Ingen		Pløying		Park/hagestell	
> 100 m		Gjengrodd		Gjødsling			
		Dårlig		Lauving			
<b>*OMRÅDESKILDRING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)</b>							
<p>INNLEIING: Skildringa er opphavleg skriven av John Bjarne Jordal 2005 basert på opplysningar i Naturbase og eige feltarbeid i alle fall 12.7.2002. Den 09.07.2012 vart lokaliteten oppsøkt på ny og da med tanke på å laga ei skjøtselsplan for lokaliteten. Det var Bioreg AS ved Øystein Folden og Finn Oldervik som utførte denne undersøkinga.</p> <p>PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg i ein låg ås, med opnare jordbrukslandskap på sørsida og skog på nordsida. Rett på sørsida av lokaliteten ligg det ein gardsveg som avgrensing mot fulldyrka mark, i aust beitemark med hasselkratt. På nordsida er det i aust granplantefelt og lenger vest truleg ein beiteskog som kan ha verdi som ein naturtypelokalitet utan at det er vurdert nærare. I vest grenser det til noko eng som er mykje skadd av graving.</p> <p>Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt slik som mesteparten av dette området gjer. Lausmassane består av stadvis tjukke morenelag. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og i ei overgangssone mellom sterkt oseanisk seksjon O3t (humid underseksjon) og klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2).</p>							



**NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR:** Lokaliteten tilhører naturtypen slåttemark, utforminga frisk fattigeng (D0104), og vegetasjonstypen er i hovudsak jordnøttutforming (G4b).

Det er ein brønn rett på oversida av dei gamle hustuftene. Om denne skal reknast som kjelde er ikkje vurdert nærare, men det er i alle fall eit lite areal rundt denne som kan reknast til fuktig fattigeng (G1).

**ARTSMANGFALD:** Av plantar vart det i 2012 påvist følgjande artar; arve, aurikkelsvæve, bjørk, bleikstorr, blåklokke, blåkoll, blåtopp, bråtestorr, einer, einstape, engfrytle, englodnegras, engsyre, finnskjegg, flekkmariland, furu, gaukesyre, grisnestorr, gran, grov nattfiol (1 eks.), gulaks, hanekam, harerug, harestorr, heiblåfjør, kvitgran, kvitkløver, jonsokkoll, jordnøtt, knappsiv, kusymre, kystgrisøyre, kystmaure, kystmyrklegg, legeveronika, lyssiv, myrtistel, osp, platanlønn, prestekrage, rogn, ryllik, raudkløver, røsslyng, selje, smalkjempe, småsyre, snauveronika, sølvbunke, tepperot, tiriltunge, tviskjeggveronika, tyttbær, vegtistel. I 2002 har Jordal i tillegg observert mørkskjellet vokssopp (VU), knegras, geitsvingel, engfiol, loppestorr og kjeldeurt. Vidare blei det funne 10-tals rosettar av solblom som ikkje lenger blomstrar (framvist av Ole Arne Aas). Eit svært spanande funn var også grisnestorr, då dette er det første og einaste funnet i fylket så langt.

Viss solblomen framleis finst på lokaliteten, er dette heilt i utkanten av utbreiinga av arten.

**BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:**

Sidan lokaliteten har vore brukt som beitemark dei siste tiåra, er det spesielle grunnar for at dette likevel reknast som slåttemark. Dette skuldast kulturminne som bør ligge ope og som truleg peiker på anna bruk enn beitemark tidlegare. Vidare vil solblomen, om han framleis finst, krevje drift av tilliggande areal som slåttemark.

Tidlegare drift: Vest i lokaliteten har det gamle gardstunet vore plassert tidlegare. Langt tilbake må ein rekne med at ein del av arealet har vore bruka til åker, sidan det var vanleg for brukande areal nærast tunet. Etter at det gamle tunet blei fråflytta i 1915, må ein rekne med at areala etter kvart gjekk over til slåttemark, men i alle fall ei av terrassane har vore bruka til korndyrking under siste krig. Eit område aust i lokaliteten, Nybrøttattleget, er truleg det arealet som sist er dyrka opp, jf. namnet. Det har ikkje vore pløgd etter 1950, før den tid er det uvisst, og dyrkinga kan kanskje ha skjedd kring 1900, utan at ein veit noko meir om det. Vest for Nybrøttattleget sto det til for eit par år sidan lauvskog på eit areal som tidlegare har vore ope. Felles for heile lokaliteten er at det var storfe på garden til kring 1960. Fram til då kan det på enkelte småteigar ha vore gjødsling noko, men ikkje større mengde enn det ein tar med seg i bøtte.

Noverande drift: Det blir beita med sau vår og haust, slik det er gjort dei siste 50 åra. Det har ikkje vore gjødsling i denne perioden.

Det går ei lågspente line gjennom lokaliteten. På nedsida av lokaliteten går det ein gardsveg til nabobruket. Ein skogsveg kryssar lokaliteten i nordaustenden. Gjennom solblomlokaliteten er det før 1962 lagt ned ein vassleidning.

**FRAMANDE ARTAR:** Platanlønn og kvitgran finst på lokaliteten, og det finst gran fleire stader, både planta og frøspreidd frå plantefelt.

**KULTURMINNER:** Terrassane fleire stader på lokaliteten er særmerkte og ikkje fullt ut utgreidde. Vidare finst det tufter av det gamle gardstunet og geiler vest på lokaliteten.

**SKJØTSEL OG OMSYN:** For å oppretthalde verdiane som slåttemark, så er det dei grunnleggande skjøtselsgrepa som skal til: Ikkje gjødsling, sprøyting eller pløying, det må vere sein slått og bakketørking eller hesjing av graset, og etterbeite om hausten. (For nærare opplysningar, sjå skjøtelsesplan!)

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:** Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

VERDIGRUNNGJEVING: Jordal verdisette lokaliteten til verdi B i 2008 og denne endrast ikkje no. Lokaliteten har eit ganske bra artsmangfald. Det er funne to raudlisteartar (VU) på lokaliteten, og sjølv om det er usikkert om desse er der no, er dei tillagt vekt. Potensialet for å finne raudlista beitemarksopp på lokaliteten må reknast som godt. Den langvarige brukshistoria med heilt spesielle kulturminne knytt til dette er tillagt vekt. Arealet er langt på veg halde ope, sjølv om manglande slått gjer at ein ikkje kan gi høgare verdi som slåttemark.

**KARAKTERARTAR:**

Aurikkelsvæve  
Grov nattfiol  
Heiblåfjør  
Jordnøtt  
Kystgrisøyre  
Kystmaure  
Prestekrage  
Smalkjempe

**RAUDLISTEARTAR:**

Solblom *Arnica montana* (VU), sist sett blomstrande i 2001.  
Mørkskjella vokssopp (VU), 2002

**SKJØTSELSPLAN**

DATO skjøtseleksplan:  
31.10.2012

UTFORMA AV:  
Finn Oldervik og Øystein Folden

FIRMA:  
Bioreg AS

EU89-UTM Sone 32V  
N6971995 A402225

Gnr/bnr.  
16/1

AREAL (noverande):  
2,5 daa.

AREAL etter evt.  
restaurering: Grått 5,0  
daa, gult 0,4 daa,  
blått 1,8 daa, grønt  
0,3 daa. Til saman  
7,5 daa.

Del av  
verneområde? Nei!

Kontakt med grunneier/bruker (ev /informant). Før opp tidsperioder, ev datoer.

Namn: Grunneigar Ole Arne Aas var med på den naturfaglege registreringa både 13.06. og 09.07.2012. I tillegg har det vore telefonisk kontakt fleire gonger i juni til november 2012.

Type kontakt (befaring, tlf, e-post med mer).

Telefonkontakt, samtale ved den naturfaglege undersøkinga og telefonintervju der skjøtselstiltaka er drøfta.

**MÅL:****Hovudmål for lokaliteten:**

- Det langsiktige målet er at lokaliteten skal haldast i god hevd med årleg slått og fjerning av høyr etter tørking på bakken eller eventuelt hesjing. B-verdien på lokaliteten skal oppretthaldast ved at populasjonar av ev raudlista artar og karakterartar av kulturmarksplantar skal haldast på dagens nivå, eller aukast.
- Erosjonen i kanten mellom vegen og lokaliteten skal reduserast vesentleg.
- Slåttemarka skal liggja i eit ope landskap og kantsoner skal ikkje skuggast ut av skog og kratt.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.
- Eventuell uttransport bør helst gjerast med lett reiskap som ATV eller elgtrekk. Tørrhøy kan truleg dragast av med presenning. Om ein vil nytte tyngre traktor, bør denne berre brukast på vegen rett nedanfor lokaliteten, eller når marka er frose.

**Delmål for lokaliteten:**

- Det er også eit mål at den typiske jamne slåttemarkstrukturen vert teke vare på i den grad han endå finst, men helst skal denne strukturen attvinnast også på dei stadane der han manglar, bortsett frå solblomlokaliteten som har anna målsetting.
- Nybrøttattleget skal slåast og haustbeitast. Det skal ikkje vere vårbeite dei første åra, sidan det kan vere grov nattfiol i området.
- Solblomlokaliteten skal beitast om hausten (tidlegast frå 15. august) samtidig med Nybrøttattleget. Når Nybrøttattleget seinare eventuelt kan bli vårbeita, skal solblomlokaliteten gjerdast frå så det ikkje blir vårbeita på solblomlokaliteten.
- På solblomlokaliteten skal ein fjerne dei næraste grantrea ved vegen. Vidare skal ein fjerne andre tre (høgare enn 1 m), og ein del av einarbuskane. Det vil også vere positivt å rive litt av lyngen i området, i håp om at dette kan få fram spiredyktige frø av solblomen. Hogstavfall må fjernast frå lokaliteten.
- Platanlønnene ved det gamle gardstunet skal hoggast, men med varsemd så tuftene ikkje blir skadde. Det som finst av platanlønn elles i området skal også fjernast. Vidare finst det nokre eksemplar av kvitgran som skal fjernast, og det vil vere positivt om gran rundt lokaliteten blir fjerna på noko sikt.
- Den vestre teigen skal slåast så langt det er råd, og det skal ryddast buskar så ein kan auke delen av arealet som kan slåast. Arealet kan vårbeitast kortvarig, og det skal etterbeitast om hausten, slik at areal som ikkje blir slått i alle fall blir beita, og at ein går etter for å slå det som dyra ikkje et.
- Hogstavfallet på arealet det sto skog på til for eit par år sidan skal ryddast, slik at ein unngår mest mogleg av gjødselverknaden som vil kome om dette ikkje blir gjort. Avfallet kan brennast om dette skjer ein stad på teigen og ein fjernar mest mogleg av oska (Oska har uønska gjødselverknad). Stubbane vil rotne etter kvart, og bør då slåast i sund og jamnast så snart det er råd utan at ein grev i bakken. Sidan ein har terrassane i dette området, skal ein ikkje gjere arbeid som kan påverke desse, dvs. at ordinær stubbebryting er uaktuelt.

**Tilstandsmål artar:**

- Artsmangfaldet i slåttemarka skal oppretthaldast jf. artslistene over.
- Populasjonar av artane i lista over karakterartar skal oppretthaldast.
- Populasjonar av eventuelle raudlisteartar skal oppretthaldast eller helst utvidast.

**Mål for nedkjemping av problemartar/gjengroing:**

- Lauvtrekratt og einer på slåttemarka skal ikkje førekoma. Vidare skal gran som eventuelt kjem inn på lokaliteten fjernast.

AKTUELLE TILTAK:	Prioritering (år)	Ant daa og kostnad/daa	Kontroll /dato:
<b>Generelle tiltak:</b> Årleg slått, tidlegast frå 15.07. og helst innan 20.08., med tørking av graset og bortkøyring av avlinga. Nybrøtttalleget.	2014, 2015	1,8 daa/ 1600 kr/år	seinhaust 2015
Årleg slått, tidlegast frå 15.07. og helst innan 20.08., med tørking av graset og bortkøyring av avlinga. Nybrøtttalleget og halve av det grå arealet.	2016	4,3 daa/ 1800 <sup>2</sup> kr/år	seinhaust 2017
Årleg slått, tidlegast frå 15.07. og helst innan 20.08., med tørking av graset og bortkøyring av avlinga. Nybrøtttalleget og 3/4 av det grå arealet.	2017	5,6 daa/ 1800 kr/år	seinhaust 2017
Årleg slått, tidlegast frå 15.07. og helst innan 20.08., med tørking av graset og bortkøyring av avlinga. Nybrøtttalleget, heile det grå arealet.	2018	6,8 daa/ 1800 kr/år	seinhaust 2019
Årleg slått, tidlegast frå 15.07. og helst innan 20.08., med tørking av graset og bortkøyring av avlinga. Nybrøtttalleget heile det grå arealet og halve det gule arealet.	2019	7,0 daa/ 1800 kr/år	seinhaust 2019
Årleg slått, tidlegast frå 15.07. og helst innan 20.08., med tørking av graset og bortkøyring av avlinga. Nybrøtttalleget heile det grå arealet og heile det gule arealet.	Frå 2020	7,1 daa/ 1800 kr/år	
Årleg raskeslått etter etterbeiting på solblomlokalitet, avlinga skal fjernast, bortsett frå eventuelle solblomstenglar.	Frå 2013	Kr 500	seinhaust 2013, 2015, 2017
<b>Aktuelle restaureringstiltak, utover de generelle:</b>			
Rydding av store graner og kratt på solblomlokaliteten. Alt hogstmateriale må transporterast ut av lokaliteten.	2013	Kr 5000	seinhaust 2013
Inngjerding av solblomlokaliteten, 50 m, med grind.	2013	50 m a kr 100 + 1500 kr	seinhaust 2013
Hogst ved gjerdegrase mellom Nybrøtttalleget og gult areal. Virke med greiner takast ned til veggen for vidare handsaming i så stor grad som mogleg. Øvrig hogstavfall kan brennast på fast bål plass på gult område.	Haust 2013	Kr 15000	seinhaust 2015
Gjerding <sup>1</sup> mellom blått og gult areal, 40 m gjerde + grind, og vidare mot veg til solblomlokaliteten 110 m + stor grind.	2014	150 m a kr 100 + 4500 kr	seinhaust 2015
Fjerning av lauvskog/gran i randsona av lokaliteten, frå midten og vestover. Virket dragast som heilstamme over lokaliteten og blir kvista på nedsida av veggen.	2015, 2016, 2017	Kr 7500/år	seinhaust 2015, 2017
Rydding av einer og kratt på grått areal, halve ryddebehovet kvart av åra. Hogst materialet skal fjernast frå lokaliteten.	2014, 2015	Kr 5000/år	seinhaust 2015
Hogst av platanlønn ved hustuftene	2014	Kr 8000	seinhaust 2015
Rydding av gult areal. Kvistavfallet skal fjernast frå lokaliteten jf. skjøtselsmål	2016,2017,	Kr 5000/år	seinhaust 2017
Gjerde mellom gult og grått areal og veg, 90 m. Mellombels straumgjerde.	2015	90 m a kr 100 + 800 kr	seinhaust 2015
Gjerde mellom grått areal og veg, 100 m, og stor grind.	2016	100 m a kr 100 + 3000 kr	seinhaust 2017
<b>Aktuelle årlige skjøtselstiltak, utover de generelle:</b>			

<sup>1</sup> Arbeidet må gjerast under tilsyn/etter avtale med fornminnemynde.

<sup>2</sup> Høgare takst som følgje av at meir tungdreve areal blir med.

**UTSTYRSBEHOV:**

- tohjulsslåmaskin, ljà, rive, høygaffel, presenning, hogstutstyr

**OPPFØLGJING:**

Evaluering: Skjøtselsplanen skal evaluerast innan 5 år.

Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Beitemarksopp er lite undersøkt og kan med fordel leggest vekt på ved seinare besøk. Særleg såg det ut til å vere potensiale på austre del av hustuftteigen. Solblomen må få spesiell merksemd.

Tilskot søkt år:		Søkt til:	
Tilskot tildelt år:		Tildelt frå:	

Skjøtselsavtale partar:

**ANSVAR:**

Person(-er) som har ansvar for iverksetjing av skjøtselsplanen.

## Kjelder

### Litteratur:

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. og Moen, A. (red). 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - NTNU Vitenskapsmuseet. Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.

Jordal, J. B. 2005. Kartlegging av naturtypar i Fræna kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2005. 140 s.

Lindgaard, A og Henriksen, S. (red) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken. Trondheim.

### Muntlege kjelder:


Ole Arne Aas, 6443 Ternes i Romsdal

Tlf. 712 69 310 eller 900 99 053

### Internett:

Dato	Nettstad
01.10.11	Direktoratet for naturforvaltning, <a href="#">Naturbase</a>
01.10.11	Artsdatabanken, <a href="#">Svartelista og Artskart</a>

## Ortofoto/kart



Figur 2. Dette ortofotoet frå Gislink viser avgrænsninga av den aktuelle lokaliteten. Frå vest mot aust har ein eit areal (markert med grått) som delvis kan slåast, delvis må beitast til ein får gjort ein del ryddearbeid. Det gule arealet har vore grodd att, men er hogd og prega av hogstavfall. Det blå arealet er Nybrøttattletet som kan slåast no. Det grøne arealet er solblomlokaliteten. Dei spesielle terrassane finst i hovudsak mellom A og B, fleire i ulike nivå nesten ned til vegen.

<http://www.gislink.no/gislink/index.jsp?operation=config&mscid=1341421711296>

## Bilete



Figur 3. Foto; Øystein Folden, 13.06.2012 ©. Biletet er tatt mot vest og viser den vestre delen med ein del platanlønn rundt tuftene av det gamle tunet. Arealet blir på dette tidspunktet beita av sau.



Figur 4. Foto; Øystein Folden, 13.06.2012 ©. Biletet er tatt mot aust og syner ein god del av teigen markert med gult på oversiktskartet. Fotografen står på ein av terrassane som det finst fleire av lenger ned. Ved stolpen i bakgrunnen ser vi så vidt litt av Nybrøttattleget.



Figur 5. Foto; Øystein Folden, 13.06.2012 ©. Vestre del av Nybrøttattleget. Arealet har ein struktur som langt på veg er foreinleg med slått, og slått bør vere greitt å få til (tohjulsslåmaskin). Arealet treng då inngjerding viss resten skal beitast. Arealet har nok vore dyrka opp seinare enn det andre. Det er ein del einstape på nordaustre del av teigen. Mot vegen står det framleis igjen 3 osper og eit stort hasselkjerr. Desse kan stå inntil vidare.



Figur 6. Foto; Øystein Folden, 13.06.2012 ©. Nybrøttattleget, sett mot aust. Det er noko einer som må fjernast. Elles ser ein erosjonen i kanten. Denne kan hindrast ved at ein gjerder så sauene ikkje har tilgang på dei høgaste delane av skjeringa. Men det beste hadde utvilsamt vore å plastra skråninga med stein.



Figur 7. Foto; Øystein Folden, 13.06.2012 ©. Solblomlokaliteten. Arealet er langt på veg som skogsmark å rekne. Strukturen tilseier ikkje ordinær slått. Det går ei lågspentline gjennom arealet, og området langs denne er rydda for granskog i seinare tid. Det står att fleire store grantre langs vegen. Desse kan med fordel fjernast. Elles har det vore grave ein vassleidning gjennom området for lenge sidan, og skogsvegen til venstre har nok også vore gjort noko med. Alt i alt ganske mange inngrep, og oppgrave masse er lagt innover arealet i tillegg.